

# Gråsporv *Passer domesticus*

## Global utbreiing

Først på 1900-talet var gråsporven utbreidd frå India, til deler av Nord-Afrika og heile Europa nord til polarsirkelen. Arten vart så innført til nye verdsdelar som Nord- og Sør-Amerika, Australia og New Zealand. Gråsporven har også spreidd seg, m.a. som blindpassasjer på båt, og er no blant fugleartane med vidast utbreiing i heile verda.

## Norsk utbreiing og habitatval

I Norge hekkar gråsporven over heile landet, men manglar i ubebygde strøk. Dette, forutan at observasjonsdekninga nokre stader er mangelfull, forklarar mønsteret i utbreiingskartet. Det har vore konstaterat ekspansjon i Nord-Norge også etter siste krig, men det er endå usikkert om utbreiing i nord er stabilisert.

Arten kan hekke ytterst på øyane, t.d. på Utsira og Røst og høgt til fjells, t.d. Fokstua på Dovre og på Finse, 1222 moh. Talrikast finn ein gråsporven i tettbygde strøk med vekslande innslag av busker og opne marker. Er fødetilgangen god, kan gråsporven her finnast i flokkar på fleire hundre individ. Ved husklyngjer og på gardsbruk med allsidig husdyrhald finn ein gjerne dei største konsentrasjonane på landsbygda. I nybygde strøk kan gråsporven mangle tross for at det er rikeleg med mat og skjul. Mangel på høvelege reirplassar har vore ei forklaring på dette, men nettopp det at reirplasseringa *kan* variere sterkt, svekkar denne forklaringa.


Gråsporven er ikkje særleg hardfør overfor kulde. Meir enn nokon annan fugl, kan han nyttegjere seg av gunstige menneskeskapt lokalklima inne i fjøs, kraftförlager eller bakeri. Tilgrising ved ekkrement og smittefare kan i slike situasjonar vere eit problem.

Arten er naturleg sky overfor nye, ukjente situasjonar, men forstår snart å nyttegjere seg nye sjansar som byr seg. At gråsporven manglar på stader der ein skulle vente å finne han, viser at det framleis er mange uløyste spørsmål kring arten sin biologi.

## Bestandsstorleik og bestandsutvikling

Den norske totalbestanden av gråsporv er dårleg kjent. Anslag på 300.000-800.000 hekkande par er gjort på svakt grunnlag. I Rogaland fylke var bestanden omtalt til å vere 30.000-60.000 hekkande par (Carlsson 1982). I Danmark var totalbestanden først på 1970-talet på minst 2 millionar hekkande par, men skal seinare ha vorte nesten halvert fram til 1984 (Hansen 1985). Truleg ligg den norske totalbestanden av gråsporv på *minst* ein halv million hekkande par.

Utkaupopulasjonane er gjerne små og utsette for svingningar. At gråsporven lever i tette flokkar gjer arten utsett for smitte, forgiftning og tilfeldige hendingar. Folk reagerer når ein så kjent fugl blir borte for ei tid. Meldingar om slik lokal tilbakegang kan lett skape eit feilaktig inntrykk av totalbestanden. Nyetablering og rekolonisering vil nok ennå finne stad. Men omlegging til meir spesialiserte og rasjonelle driftsformer i landbruket, nyare isolerte og tette hus har utan tvil redusert fødetilgangen og gjort husa mindre brukarvenlege for sporven. Desse negative



faktorane har nokså sikkert også her til lands redusert bestanden. Det trengst derfor ein snarleg totaltaksering slik at utviklinga kan haldast under oppsikt.

## Hekkebiologi

Gråsporven legg til vanleg 2-3 kull i året, kvart med 4-5 egg. Begge kjønn hjelper til i eit livslangt forhold. Normalt startar egglegginga i april-mai. Der gråsporven lever inne i hus med kunstig lys og varme, kan arten også få fram ungar i den mørke årstida (Summers-Smidt 1963). Normalt vil gråsporven plassere reiret i naturlege sprekker og hol i eller ved hus, som under takstein, fuglekassar, hole tre osb. Stundom kan reira bli bygde i tette tre og busker, som t.d. eføy langs veggjar. I slike tilfelle røpar arten sitt opphav som veverfugl ved å byggje runde, overbygde reir. Det er også i meir sjeldsynte tilfelle funne gråsporvreir mellom store metallbokstavar og betongveggen på hotell.

## Trekkforhold

Gråsporven er svært stasjonær etter at fuglane først er etablerte. Hå ungfuglane er det likevel konstaterat ei viss trekkuro, kanskje ein strategi for å unngå innavl. Av 177 gjenfunn frå norskmerka gråsporvar, vart 94% funne att innanfor ein radius på 1 km (Bjordal 1981). Nettopp det at arten er stasjonær og alltid nært knytt til folk, har gjort gråsporven til eit interessant studieobjekt for evolusjon og populasjonsøkologi verda over (Selander & Johnston 1967). I Vest-Norge er gråsporvpopulasjonane skilde med funksjonelle «barrierer». Såleis er det påvist at norske sporvepopulasjonar er forskjellige og har mindre genetisk likskap enn engelske gråsporvpopulasjonar, der utbreiing er nesten kontinuerlig og utan skarpe grenser (Bjordal m.fl. 1986).

Håvard Bjordal

# Gråspurv *Passer domesticus*

1151 ● Konstatert hekking

137 ● Sannsynlig hekking

127 ● Mulig hekking

Detaljeringsgrad: 10 x 10 km

